

Kva:	Innkalling til møte nr. 05 i Skikrinsstyret 2025-2027
Tidspunkt:	Måndag 1. desember 2025, kl. 17:30-21:00
Stad:	Skei hotell
Sakliste:	<p>REFERATSAKER</p> <p>SAK 40 25-27 Godkjenning av innkalling og sakliste SAK 41 25-27 Godkjenning av protokoll nr. 04 25-27 SAK 42 25-27 Godkjenning av LK protokoll nr. 03 25-27 SAK 43 25-27 Runde rundt bordet</p> <p>RAPPORTERINGSSAKER</p> <p>SAK 44 25-27 Rekneskapsrapport pr. 28.11.2025 SAK 45 25-27 Rekrutteringsutvalet SAK 46 25-27 Prosjekt – 'Rekruttering i klubb gjennom fornying av skianlegg'</p> <p>DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER</p> <p>SAK 47 25-27 Budsjett 2026</p> <p>ORIENTERINGSSAKER</p> <p>SAK 48 25-27 Endring i administrasjon skikrinsen</p> <p>EVENTUELT</p>
Til stades:	Jorunn Åsfrid Røyrvik, Jon Ove Lomheim, André Haugsbø, Tonje N. Tangerud, Anders Engeland, Atle Sæterbakken, Hans Christian Amundsen, Eline Fannemel, Melanie Hetkamp-Andersen, og Kennet Dvergedal (adm.)
Forfall:	
Referent:	Kennet Dvergedal

RAMMEPROGRAM MÅNDAG 1. DESEMBER 2026:

Tidspunkt	Kva	Sak	Kvar
Kl. 17:00-18:55	Møte i Skikrinsstyret	Sak 40-46	Skei Hotell
Kl. 19:00-19:45	Julemiddag		Skei Hotell
kl. 19:45-21:00	Møte i Skikrinsstyret	Sak 47-48	Skei Hotell

REFERATSAKER

SAK 40 25-27

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.



SAK 41 25-27 **Godkjenning av protokoll nr. 04 25-27**
Bakgrunn
Protokoll frå styremøte nr. 04 25-27 er vedlagt.

VEDTAK
Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 04 25-27

SAK 42 25-27 **Godkjenning av LK protokoll nr. 03 25-27**
Bakgrunn
Protokoll frå møte nr. 03 25-27 i langrennskomiteen er vedlagt.

VEDTAK
Skikrinsstyret tek LK protokoll nr. 03 25-27 til orientering

SAK 43 25-27 **Runde rundt bordet**
Bakgrunn

VEDTAK
Skikrinsstyret tek saka til orientering.

RAPPORTERINGSSAKER

SAK 44 25-27 **Rekneskapsrapport pr. 28.11.2025**
Bakgrunn
Rekneskapsrapport pr. 28.11.2025 er vedlagt. Adm. sjef legg fram rapporten i møtet.

Nøkkeltal;

SFSK Driftsinnt. totalt	SFSK Driftskost. totalt	SFSK resultat
kr. 1 985 225,-	kr. -1 689 914,-	kr. 295 311,-
AU Driftsinnt. totalt	AU Driftskost. totalt	AU resultat
kr. 947 871,-	kr. -840 587,-	kr. 107 284,-
AK Driftsinnt. totalt	AK Driftskost. totalt	AK resultat
kr. 236 085,-	kr. -213 417,-	kr. 22 668,-
HKK Driftsinnt. totalt	HKK Driftskost. totalt	HKK Resultat
kr. 124 500,-	kr. -83 788,-	kr. 40 712,-
LK Driftsinnt. totalt	LK Driftskost. totalt	LK Resultat
kr. 676 769,-	kr. -552 122,-	kr. 124 647,-



Eigenkapital pr. 31.12.2024:

- Eigenkapital AU: kr. 916 291,-
- Eigenkapital AK: kr. 712 013,-
- Eigenkapital HKK: kr. 82 121,-
- Eigenkapital LK: kr. 549 941,-

Status opne postar:

Før 2025: totalt 117 faktura til 65 kundar. Totalt kr. 210 612,- utestående.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek rapporten til orientering. Skikrinsstyret gjer vidare vedtak om å engasjere rekneskapsførar til å følgje opp lista over opne postar.

SAK 45 25-27

Rekrutteringsutvalet

Bakgrunn

Referat frå møte i rekrutteringsutvalet ligg vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 46 25-27

Prosjekt – 'Rekruttering i klubb gjennom fornying av skianlegg'

Bakgrunn

Prosjekt 'rekruttering i klubb gjennom fornying av skianlegg' går ut på å gjere eksisterande skianlegg meir spennande for born og unge og stimulere til auka rekruttering og auka eigenorganisert aktivitet.

For å realisere prosjektet er det budsjettert med kr. 7 500 000,- i inntekter frå stiftingar. Skikrinsen har vore i prosess med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, men har ikkje sendt projektsøknad, og såleis ikkje motteke midlar enda.

Til prosjektet har en satt ned følgjande prosjektgruppe:

- Anders Engeland (anleggskontakt SFSK), leiar
- Jorunn Åsfrid Røyrvik (styreleiar SFSK)
- Melanie Hetkamp-Andersen (SKU)
- Marianne Myklebust (anleggsrådgjevar NSF)
- Kennet Dvergedal (adm. sjef)

Mandatet til prosjektgruppa er å lage rammevilkår for å gjennomføre prosjektet i si heilheit. Prosjektgruppa skal elles rapportere til skikrinsstyret om status i prosjektet på kvart styremøte. Ei eventuell forlenging av prosjektet skal ha nytt vedtak i skikrinsstyret.



Prosjektgruppa jobbar mot følgjande framdriftsplan:

Kva	Frist	Ansvar	Status	Merknad
Møte Sparebankstiftinga	26. sept	KD	Gj. ført	
Skrive/justere søknad	16. okt	KD/ MM	Gj. ført	
Arbeidsmøte med NSF anleggsrådgjevar	16. okt	KD/ MM	Gj. ført	Invitasjon sendt
Skrive/justere søknad	27. okt	KD	Gj. ført	
Sende søknad til Sparebankstiftinga	27. okt	KD	Gj. ført	
Oppfølgingsmøte Sparebankstiftinga	30. okt	KD	Gj. ført	Invitasjon sendt
Styrevedtak om prosjektgruppe og nødvendig ansvar	10. nov	KD/ JÅR	Gj. ført	
Webinar skiklubbane	11. nov	KD	Gj. ført	13 deltakarar
Val av anlegg til pilotprosjekt	5. des	Prosjekt- gruppa	Gj. ført	Vald: Sogn skisenter, Hafslo IL
Oppfølgingsmøte Sparebankstiftinga	5. des	KD		
Start pilotprosjekt	TBD	Prosjekt- gruppa		Med atterhald

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 47 25-27

Budsjett 2026

Bakgrunn

Framlegg til rammer for budsjett for 2026 er lagt ved som eige vedlegg.

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for 2026 er negativt, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 2 679 000,- og årsbudsjetterte driftskostnader på kr. 2 729 623,-.

Rammene for inntektene er i hovudsak basert på lagskontingent (årskontingent), tilskot frå idrettskrins, tilskot frå NSF (post 3 midlar), momskompensasjon, rennavgifter, samt eigenandelar frå løparar/ føresette og klubb.



Det er elles budsjettert med post-3 midlar (Norges Skiforbund) på totalt kr. 30 000,- fordelt på rekrutteringsprosjekt, paraidrett, samt kurs og utdanningsverksemd.

Prinsippet med fordelingsnøkkel knytt til marknadsinntektene, der 88% av inntektene blir ført vidare til greinkomiteane medan AU held igjen 12% til eiga drift, er lagt til grunn i framlegg til budsjett. Med unntak av samarbeidsavtalen med SFE.

ARBEIDSUTVALET

Styret

I samband med aktiviteten til styret er det budsjettert med ca. kr. 127 713,- i kostnadar.

Kostnadane til styret er knytt til møter, telefonmøte, reiserekningar, samt reise og overnatting i samband med sentrale møter (vår- og haustmøter).

Ver merksam på at Skikrinsstyret gjennom sitt budsjett også dekkar reise og overnatting for representantar frå greinkomiteane i samband med Norges Skiforbund sine Vår- og Hausmøter (i tråd med tidlegare praksis).

Krinsting

Det skal ikkje gjennomførast krinsting i 2026.

Vår- og haustmøter

Til Skikrinsen sine vår- og haustmøter er det lagt inn ein eigen post i budsjettet med resultat på kr. -40 000,-.

Kostnadane er knytt til leige av møterom reiserekningar og bevertning. Det er også budsjettert med kostnadar knytt til å gjennomføre ei treningssamling i samband med møta.

Det er budsjettert med inntekter frå vidarefakturering til deltakarane for bevertning og liknande.

Drift administrasjon

Marknadsinntekter

Samla budsjetterte marknadsinntekter i 2026 er ca. kr. 727 000,- etter at meirverdiavgifta er trekt frå samarbeidsavtalane med Sparebank1 Sogn og Fjordane og Sparebanken Norge.



Tilskot frå idrettskrins

Det er budsjettert med kr. 50 000,- i tilskot frå Idrettskrinsen (fylkeskommunalt tilskot), om lag same nivå som rekneskapstala for 2025 syner.

Lagskontingent

Lagskontingenten (årskontingent) er budsjettert ihht. vedtak i samband med Skikrinstinget 2023 og om lag same nivå som rekneskapstala for 2025 viser.

Momskompensasjon

Jf. tidlegare retningslinjer for utbetaling av momskompensasjon er denne tilskotsordninga budsjettert med ca. kr. 160 000,-. Dvs. ca. 8% av sum driftskostnader for organisasjonen.

Det er elles verdt å merke seg at momskompensasjonen er fordelt i høve til prosentvis andel budsjetterte driftskostnader for AU og respektive greinkomitear.

Lagbesøk

Det er ikkje budsjettert med verken kostnader eller inntekter på lagbesøk i 2026. Denne posten vert dekkja under prosjekt 'skiklubbutviklar'.

Rekrutteringsprosjekt

I rekrutteringsprosjekt er det budsjettert med eit tilskot på kr. 30 000,- (post 3 midlar).

Det er vidare budsjettert med kostnader knytt til gjennomføring av rekrutteringstiltak.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Utedagen

Det er bevilga midlar frå prosjektstøtte frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane til *Ski i skulen*. Midlane vert overført til budsjett 2026 for å gjennomføre prosjektet vinteren 2026.

Kostnader til prosjektet er knytt til idrettsfagleg bistand til skulane og reise og honorar for instruktør til skidagane i skulen.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Utdanning

Innanfor trenarkurs/ utdanning er det lagt opp til eit budsjett i balanse. Inntektene er relatert til vaksenopplæringstilskot, post



3 midlar og kursinntekter, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærer, leige av lokale m.m.

Paraidrett

Innanfor området paraidrett er det budsjettert med 2 stk. ski- og snøsamlingar som blir gjennomført i lag med NAV Hjelpemiddelsentralen.

Inntektene er budsjettert frå NSF (post 3 midlar) på kr. 10 000,-, medan kostnadane er relatert til leige av skianlegg.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Prosjektmidlar

Det er budsjettert med usikre inntekter på dette prosjektet, då desse må komme frå tilskot e.l. Kostnadsartane er usikre, men det er lagt opp eit rammebudsjett på kr. 30 000,-.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Skiklubbutviklar

Det er budsjettert med eigenandel for skikrinsen for å ha tilsett skiklubbutviklar i 50% stilling. Eigenandelen vart justert opp mai 2025. Det er budsjettert med kr. 78 000,- for eigenandel (lønn til skiklubbutviklar) i 2026.

Vidare er det budsjettert med kostnadar for reiseverksemd for skiklubbutviklar med bruk av skikrinsen sin bil og til sentrale møter med NSF.

Det er budsjettert med inntekter frå driftstøtte frå NSF, sal av logoplass på skikrinsen sin bil, samt vidarefakturering for reiser til sentrale møter.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -74 710,-.

ALPINKOMITEEN

Adminstrasjonen sitt framlegg til budsjett for alpinkomiteen 2026 går i balanse, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 522 160,- og årsbudsjetterte driftskostnadar på kr. 522 160,-.



Drift komité

Det er budsjettert med kr. 226 160,- i overføring av marknadsinntekter jf. Samarbeidsavtalen med Sparebanken Norge. Momskompensasjon er budsjettert til ca. kr. 30 000,-. Det er også lagt inn kr. 15 000,- i lisensar/ rennavgifter.

Det er budsjettert med kostnader på kr. 30 000,- knytt til avskrivning av tidtakarutstyr som er kjøpt i 2023. Det er også budsjettert med inntekter frå søknad om tippemidler for tidtakarutstyret i 2026.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 250 160,-.

NM

Ifbm. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad kr. 10 000.

Årsbudsjett resultat på dette prosjektet er kr. -10 000,-.

Jr. NM

Ifbm. jr. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad er kr. 9 600,-.

Årsbudsjett resultat på dette prosjektet er kr. -9 600,-.

HL

Ifbm. Hovudlandsrennet og Landsfinalen er det budsjettert med honorar, reise og overnatting til hovudleiar i tillegg til startkontingent for utøvarane. Det er også budsjettert med forskottering av overnattingskostnader samt refusjon av desse (inntekter). I budsjett for 2026 er det også lagt inn at ein dekker heiskort for utøvarane ifbm. HL, LF og BAMA.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -54 560,-.

Cup

Ifbm. krinsarrangement er det budsjettert med kr. 15 000,- i kjøp av premiar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -15 000,-.

FIS-renn

Til FIS-renna i alpint er det budsjettert at krinsen dekkar startkontingent på 5 FIS-renn for kvar utøvar. I tillegg er det budsjettert med ei støtteordning til FIS-løparane i Skikrinsen.



Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -54 000,-.

Samlingar/ krinslag

Samlingane er budsjettert i høve alpikomiteen sitt sportslege opplegg i 2026. Det er budsjettert med kr. 30 000,- i deltakaravgifter på samlingar utanfor skikrinsen.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -100 000,-.

Alpinkomiteen

Til møteverksemd i alpikomiteen er det sett av kr. 7 000,-.

Freeski

Til prosjekt freeski er det budsjettert med kostnadar knytt til samlingsaktivitet i 2025. Det er også budsjettert med inntekter knytt til samlingane.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet går i balanse.

HOPP- OG KOMBINERTKOMITEEN

Hopp- og kombinertkomiteen sitt budsjett balanserar med kr. 50 500,- i driftsinntekter og kr. 50 500,- i driftskostnader.

Drift komité

Det er budsjettert med kr. 49 000,- i overføring av marknadsinntekter jf. samarbeidsavtalen med SFE.

Det er budsjettert med kr. 5 000,- i kostnad for forsikringspremie på tilhengar med «SFE rekrutteringsbakken».

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 43 500,-.

NM

Ifbm. NM er det budsjettert med kostnadar på til saman kr. 8 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -8 000,-.

Jr. NM

Ifbm. jr. NM er det ikkje budsjettert med kostnadar i 2026.

HL

Ifbm. Hovudlandsrennet er det ikkje budsjettert med kostnadar i 2026.



Cup

I samband med SFEhopp cup er det budsjettert med kr. med kjøp av premiar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -2 000,-.

Hopp- og Kombinertkomiteen

Til møteverksemd i komiteen er det satt av kr. 3 500,-.

Rekrutteringsprosjekt i hopp – «Fannemel-effekten»

Det er budsjettert med rekrutteringsprosjekt i hopp.

Det er ikkje budsjettert med inntekter.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -30 000,-.

LANGRENNSKOMITEEN

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for langrennskomiteen 2026 balanserer, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 1 353 000,- og årsbudsjetterte driftskostnader på kr. 1 353 000,-.

Drift komité

Det er budsjettert med kr 373 000,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalane med Sparebank1 Sogn og Fjordane og SFE.

Vidare er det budsjettert med kr 30 000,- i lisensar/ rennavgifter, og kr. 50 000 i momskompensasjon.

Det er budsjettert med kostnader knytt til krinsandel for utøvarar på regionlaga Team Elon Vest og Team SørVest.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 409 500,-.

Sommarskiskule og Langrennskurs (sommarski)

Rekneskap for desse prosjekta vart frå 2019 overført LK (tidlegare har LK fått overført eit evt. overskot).

Det er budsjettert med kr. 20 000,- i kostnader for prosjekt sommarskiskule.



Langrennskursa er budsjettert med å balansere. På grunn av nedgang i kursaktiviteten siste åra er det ikkje lenger realistisk å budsjettere med overskot på langrennskursa.

Inntektene for sommarskiskulen er relatert til deltakaravgifter, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til trenarar, kost og losji m.m.

Inntektene for trenarkursa er relatert til kursinntekter og vidarefakturering, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærar, kost og losji m.m.

NM, jr. NM og HL

Ifbm. NM, jr. NM og Hovudlandsrennet er det budsjettert at ein dekkjer reise- og opphald for støtteapparat og kostnader med smøropplegg. Det er i tillegg budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa. Det er også budsjettert med eit honorar for hovudleiar.

Årsbudsjettert resultat på desse prosjekta er samla kr -94 000.

Cup/ SSF Cup

Ifbm. SSF Cupen er det m.a. budsjettert med kr 60 000,- i kjøp av premiar, i tillegg til noko diverse kostnader.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. - 65 000,-.

FIS-renn

I samband med renna i Norgescupen er det budsjettert at komiteen dekkjer reise, opphald og honorar for 1 hovudleiar på NC jr. I tillegg overnatting for 3 i støtteapparat (kvart arrangement) på NC jr.

På NC sr. er det budsjettert ein mindre andel, då det er gjort avtale med andre kretsar og regionlag om at aktuelle løparar får ta del i deira fellesopplegg.

Det er også budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -73 000,-.

Krinslag

På krinslaget er det budsjettert med kr. 200 000,- i årskontingent (krinslagskontingent).



Vidare er m.a. budsjettert med kr. 100 000,- til krinslagsbekledning og kr. 135 000,- til overnatting.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 150 000,-.

Langrennskomiteen

Til møteverksemd i langrennskomiteen er det sett av kr. 7 500,-.

VEDTAK

Skikrinsstyret vedtek rammer for budsjett for 2026 med følgjande justeringar:

- Eigenandel til adm. sjef justert til kr. 150 000,-
- Ein bør budsjettere med renteinntekter for egenkapital til skikrinsen på høgrentekonto
- Budsjettere med høgare kostnadar til drift av Skiklubbutviklar, spesielt til vedlikehald av skikrinsbilen

ORIENTERINGSSAKER

SAK 48 25-27

Endring i administrasjon skikrinsen

Bakgrunn

Administrasjonssjef i Sogn og Fjordane skikrins, Kennet Dvergedal, har varsla at han har fått ny jobb og vil seie opp stillinga i NSF etter permisjonstida, 22. juni 2026.

Adm. sjef og styreleiar orienterer om vidare prosess i møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Jorunn Åsfrid Røyrvik (s)
Leiar

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef